

Vurderingsrettleiing

2011

SAM3009 Medie- og informasjonskunnskap 2
Til sentralt gitt skriftleg eksamen

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2011

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Vurderingsrettleiinga består av ein generell del (del 1), som gjeld for eksamen i alle fag, og ein fagspesifikk del (del 2).

Del 1

Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen varer i 5 timar. Så langt det er mogleg, bør sentralt gitt eksamen vere [IKT-basert](#).

Sentralt gitt skriftleg eksamen kan organiserast med eller utan førebuingsdag. Om det er førebuingsdag til eksamen i eit fag, går fram av del 2 i vurderingsrettleiinga.

På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Sentralt gitt eksamen kan følgje to ulike modellar. Kva for hjelpemiddel som er tillatne, er avhengig av kva for ein av dei to modellane som er vald.

- **Modell 1 – Eksamen**

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

- **Modell 2 – Todelt eksamen**

Del 1 – Skrivesaker, passar, linjal med centimetermål og vinkelmålar er tillatne.

Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Den fagspesifikke delen av vurderingsrettleiinga gir informasjon om kva modell som blir brukt i det enkelte faget.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopierte materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.¹ Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.²

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikna på måloppnåing i den fagspesifikke delen av vurderingsretteleingane beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for eit bestemt fag til skriftleg eksamen.

¹ St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

² Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

Del 2 SAM3009 Medie- og informasjonskunnskap 2

Faget er delt inn i tre hovudområde:

- medieutvikling
- uttrykksformer
- medium, individ og samfunn

Eksamensordning, førebuingssdag og oppgåveformat

Førebuingstid: 1 dag
Eksamen: 5 timars sentralt gitt skriftleg eksamen med sentral sensur

Eksamen er lagd opp med ein førebuingssdag og ein 5 timars skriftleg prøve. På førebuingssdagen får eleven eitt eller fleire tema til fordjuping i form av anten tekst, illustrasjonar, bilete, kjeldetilvisingar eller ein kombinasjon av dei. Alle problemstillingane i sjølve eksamensoppgåva vil vere knytte til tema som er gitt i førebuingssdelen.

Førebuingssdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan elevane samarbeide med andre, finne informasjon og få rettleiing. Det er likevel viktig å streke under at elevane skal skrive ein sjølvstendig tekst på eksamensdagen, og at dei derfor i tillegg til å samarbeide med andre også førebur seg på ein sjølvstendig måte i førebuingstida.

Læreplanen inneheld kompetansemål av teoretisk art og kompetansemål som legg opp til praktisk mediearbeid. Eksamensoppgåvene vil stort sett vere utforma slik at elevane skal kunne vise både teoretisk og praktisk kompetanse. Den praktiske kompetansen vil dei i så fall vise gjennom planleggingsarbeid og ikkje i form av eit ferdig produkt, på eksamensdagen.

Hjelpemiddel

Førebuingssdelen: I førebuingstida er alle hjelpemiddel tillatne, også bruk av Internett. I førebuingstida kan elevane samarbeide og innhente informasjon.

Eksamen: Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Eit godt svar treng ikkje innehalde kjelder. Dei kjeldene eleven eventuelt vel å bruke, bør vere relevante for oppgåva. Eleven bør vise sjølvstende på eksamen. Kjeldene bør derfor knytast til eigne kommentarar eller drøftingar, men dette kjem sjølvstende noko an på oppgåva.

For at sensor skal kunne finne fram til kjeldene, bør eleven oppgi kjelder undervegs i svaret sitt.

Tips til oppgåveløysing

Punkta under er ikkje vurderingskriterium, men råd til elevane om korleis dei best mogleg kan vise og tydeleggjere kompetansen sin i eit eksamenssvar.

- Skriv klart, presist og sakleg.
- Bruk og definer mediefaglege omgrep.
- Bruk eksempel for å underbyggje argument.
- Struktur innhaldet i svaret slik at det blir lett for lesaren å følgje argumenta.
- Vis sjølvstende i svaret ved å bruke kunnskap, eigne erfaringar og aktuelle eksempel.
- Skil mellom eigne betraktningar og informasjon frå kjelder ved å oppgi kjelder undervegs i teksten og eventuelt bruke sitatteikn ved direkte avskrift.

Vurdering og kjenneteikn på måloppnåing ved sentralt gitt skriftleg eksamen

Sjølv om Medie- og informasjonskunnskap 2 byggjer på Medie- og informasjonskunnskap 1, er det kompetansemåla i læreplanen for Medie- og informasjonskunnskap 2 som er utgangspunktet for vurderinga. Det er sjølvstende eksamenssvaret som skal vurderast, ikkje arbeidet i førebuingstida.

Eksamenskarakteren skal gi uttrykk for den individuelle kompetansen til eleven slik han kjem fram i eksamenssvaret. Gjennom eksamenssvaret skal eleven vise kompetanse ut frå kompetansemåla i læreplanen for faget. Eksamenssvaret skal vere eit sjølvstendig og relevant svar på oppgåva.

Kompetansemåla må sjåast i lys av både formålet med faget, beskrivinga av hovudområda og dei grunnleggjande ferdigheitene, sjølv om det er kompetansemåla som er grunnlaget for vurderinga.

Til skriftleg eksamen er det fleire grunnleggjande ferdigheiter som er sentrale:

”Å kunne lese i medie- og informasjonskunnskap inneber å forstå og tolke ulike medietekstar. Det tyder òg å lese bruksretteleingar, undersøkingar, modellar og teoriar.”

”Å kunne uttrykkje seg skriftleg i medie- og informasjonskunnskap inneber å formidle informasjon og meiningar i ulike kommunikasjonsuttrykk, som tekst, lyd og bilde på ulike nivå. Det tyder å fortelje, beskrive, analysere, reflektere og vurdere.”

”Å kunne bruke digitale verktøy i medie- og informasjonskunnskap inneber å finne, ta imot, handtere, integrere og evaluere informasjon som basis for vidare arbeid med ulike uttrykksformer i eigen produksjon. Det tyder òg å behandle juridiske, kulturelle og etiske utfordringar i samband med Internettbruk.”

”Å kunne rekne i medie- og informasjonskunnskap inneber å bruke ulike typar statistikkar som utgangspunkt for analyse og argumentasjon. Det tyder òg å rekne ut tidsbruk og kostnader i samband med eigne medieproduksjonar.”

Kjenneteikn på kompetanse

Rettleiing til bruk ved skriftleg, sentralt gitt eksamen i Medie- og informasjonskunnskap 2

Sjå neste side.

Eleven skal	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
ha kunnskapar om faglege emne			
<ul style="list-style-type: none"> ▪ gjere greie for hovudtrekk i internasjonal mediehistorie ▪ gjere greie for sentrale trekk ved internasjonal mediestructur og internasjonal mediepolitikk ▪ gjere greie for sentrale trekk ved mediestructuren i utviklingsland ▪ gjere greie for ulike medieideologiar ▪ gjere greie for sentrale lover og føresegner som gjeld opphavsrett, personvern og ytringsfridom ▪ presentere sør-nord-problematikken i det internasjonale mediebildet 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - gir att noko relevant fagstoff - bruker enkelte fagomgrep 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - viser varierende fagleg oversikt og forståing - bruker fagomgrep i varierende grad - forklarar til ein viss grad samanhengar 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - viser svært god fagleg oversikt og forståing - bruker fagomgrep presist - forklarar samanhengar på ein utførleg måte
kunne planleggje og produsere			
<ul style="list-style-type: none"> ▪ lage produksjonsplan for eigne medieproduksjonar med oversikt over tidsbruk og kostnader ▪ skape og presentere eigne medieprodukt i ulike kombinasjonar av tekst, lyd og bilde og grunnkje val av medium og publiseringsskjema ▪ bruke forteljarteknikkar, munnlege uttrykksmåtar og dramaturgiske verkemiddel i eigne medieproduksjonar ▪ utvikle eit medieprodukt i samarbeid med ei bedrift eller ein organisasjon 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - lagar i nokon grad ein produksjonsplan og presenterer nokre idear til eit medieprodukt - gjer greie for nokre verkemiddel 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - lagar ein enkel produksjonsplan og eit utkast til eit medieprodukt - gjer greie for og grunnkje verkemiddel i varierende grad 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - lagar ein gjennomtenkt produksjonsplan og eit svært godt utkast til eit medieprodukt - gjer greie for og grunnkje val av verkemiddel på ein presis måte
kunne analysere og reflektere			
<ul style="list-style-type: none"> ▪ utforske påverknadsstrategiar i ulike typar medieprodukt ▪ undersøkje korleis produksjon og distribusjon av informasjon kan bli styrt og kontrollert av ulike interesser ▪ reflektere over etiske problemstillingar og utfordringar i møtet mellom medium og ulike kulturar ▪ reflektere over media si rolle når det gjeld informasjons-, nyheits- og kulturformidling i det internasjonale mediebildet ▪ diskutere media si rolle i utviklinga av demokrati i eit internasjonalt perspektiv ▪ diskutere konsekvensar medieutviklinga har for journalistrolla ▪ diskutere kva for rolle informasjonsbyrå og lobbyverksemd spelar i eit demokrati ▪ analysere form og innhald i ulike avis-, radio-, film- og fjernsynssjangrar ▪ analysere media si rolle som kunst- og kulturformidlar ▪ analysere og evaluere eigne og andre sine medieprodukt ▪ analysere media som ressurs og maktfaktor i samfunns- og arbeidsliv og diskutere opne og skjulte funksjonar ▪ drøfte korleis media kan forme haldningar, normer og verdiar ▪ drøfte korleis media er med på å skape, forsterke og motverke informasjonskløfter 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - nemner nokre moment i ein analyse, og bruker enkelte fagomgrep - beskriv nokre samanhengar mellom samfunnsutviklinga og rolla media har, og kan nemne eksempel der det er relevant - kjenner til nokre medieteoriar 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - analyserer og reflekterer til ein viss grad, og bruker fagomgrep - diskuterer i nokon grad samanhengar mellom samfunnsutviklinga og rolla media har, og kan bruke eksempel der det er relevant - bruker i nokon grad medieteoriar 	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> - analyserer og reflekterer svært godt, og bruker fagomgrep presist - diskuterer samanhengar mellom samfunnsutviklinga og rolla media har, sjølvstendig og strukturert, og bruker eksempel til å byggje opp resonnement der det er relevant - bruker medieteoriar sjølvstendig og kritisk

Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no